I dei tilfella ein eigedom heilt eller delvis blir brukt (driven) av andre enn eigaren, skal enkelte oppgåver givast av eigaren og enkelte av brukaren. For ikkje å få mangelfulle oppgåver/dobbeltoppgåver, er det gitt orientering på skjemaet eller i rettleiinga om kven som skal svare på dei ulike spørsmåla. Dersom det i enkelte tilfelle, ut frå forholda, er nødvendig å gjere avvik frå retningslinjene, avgjer teljaren om det er eigaren eller brukaren som skal gi oppgåve. Der det blir gitt oppgåve av både eigar og brukar, er det viktig at same teljar fyller ut begge oppgåvene.

2.1. SKJEMA 1. HOVUDSKJEMA SOM SKAL FYLLAST UT AV ALLE SOM ER OPPGÅVEPLIKTIGE TIL TELJINGA

Dette skjemaet skal fyllast ut av alle som er oppgåvepliktige til teljinga. Sjå kap. 1.3. s. 2.

På dei fleste skjema er namn, adresse mv. fylt ut på førehand. Sjå til at denne utfyllinga er korrekt og fullstendig. Dersom det blir oppdaga feil eller ufullstendig utfylling, skal ein rette ved å stryke over det som er feil, og dei korrekta opplysningane må skrivast i riktig felt.

I dei tilfella skjemahovudet ikkje er fylt ut på førehand, skal det nyttast blankt skjema. Ein må vere nøye med at gards- og bruksnummer, produsentnummer og fødselsnummer blir skrive korrekt.

Det er berre hovudbølet sitt namn og gards- og bruksnummer som skal givast opp. Med hovudbølet meiner ein den eigedomsteigen der oppgåvegivar bur og/eller der dei viktigaste bygningane er plasserte.

Det er sett av plass til 2 namn og 2 fødselsnummer for personlege oppgåvegivarar. Her skal begge ektemakane/sambuarane gi opp namn. Det skal gi-
vast opp fødselsnummer for ein oppgåvegivar.

Sysken eller andre familiemedlemmer skal ikkje førast opp saman som oppgåvegivarar sjølv om dei eig/driv bruket saman. I slike tilfelle skal skjemaet fyllast ut i namnet til den som har hovudansvaret for verksamda, og hans/hennar eventuelle ektemake/sambuar skal førast opp. Dersom hovudansvaret er likt fordelt mellom sysken, skal den eldste reknast som oppgåvegivar.

Med sambuarforhold meiner ein forhold der to personar lever saman i ekteskapsliknande forhold utan å ha inngått formelt ekteskap.

Upersonleg oppgåvegivar kan vere dødsbu, sameige, interessentskap, partslag mv. (sjå post 001).

A. GENERELLE OPPLYSNINGAR

Post 001. Ein set kryss i ruta for den eigargruppa eigedomen hører til.

1. Enkeltperson. Forutan eigedomar som en-

keltpersonar, ektepar eller sambuarar eig, omfattar denne gruppa også eigedomar som er eigd i fellesskap av medlemmer av same familie dersom eigarfellesskapet ikkje er registrert som aksjeselskap. Som familie-medlemmer reknar ein i denne samanhengen slektingar i rett opp- og nedstigande linje og sysken. Ver merksam på at den som har teke over eigedom etter at tidlegare innehavar av skjøte er død, og det enno ikkje er tinglyst nytt skjøte på eigedomen, skal krysse av for eigarkategori dødsbu (2).

2. Dødsbu. Gjeld alle eigedomar der det ikkje er tinglyst nytt skjøte etter at tidlegare innehavar av skjøtet er død. Ver merksam på at dødsbu i denne samanhengen også omfattar brukar som er einearving, når denne enno ikkje har fått tinglyst skjøte i sitt namn. For einearvingar skal ein i skjemahovudet ikkje nytte namnet til dødsbuet, men namnet til vedkommende einearving.

3. Sameige, husbrukskog og sams skog. Sameige er areal som hører til to eller fleire eigedomar i fellesskap. Sameige er ikkje særskild skyldsette, men skylda er fordelt på dei eigedomane sameiget ligg til. Dei enkelte eigedomane sin ideelle part av sameiget skal ikkje takast med i arealoppgåvene som blir gitt for dei enkelte eigedomane. Dersom sameiget ikkje har eige namn, skal det skrivast "Sameige" i feltet for "Upersonleg oppgåvegivar". Andre former for felleseihe av areal eller dyr skal såleis ikkje reknast som sameige etter denne definisjonen, men skal førast under eigarkategorien enkeltperson, dersom eigarane er i familie (sjå 1), som dødsbu (2) eller som interessentskap, partslag (4) eller aksjeselskap (5). Er arealet delt mellom dei enkelte eigedomane slik at desse eig kvar sine særskilde teigar, reknar ein ikkje arealet som sameige sjølv om enkelte rettar som t.d. beiterett i skog, framleis er sams.

Husbrukskogar er oppretta i samsvar med lov om husbrukskogar av 9. juni 1939. Sams skog er oppretta i samsvar med jordlova av 18. mars 1955.

4. Interessentskap, partslag omfattar eigedomar som to eller fleire eig saman, utan at eigedomen er aksjeselskap, sameige, hus-

brukskog eller liknande. Eigedomar som medlemmer frå same familie eig i felleskap, skal ikkje rekna som interessentskap, men som enkeltperson (sjå 1). Fellesbeite som blir disponert av utanbygdsbuande, blir til vanleg rekna som partslag.

Som institusjon, stiftelse o.l. rekna ein eigedomar som høyrer til legat, fond, lag med sosiale, humanitære og andre allmenntytige formål.

5. Aksjeselskap. Hit høyrer eigedomar som er registrerte som aksjeselskap og eigedomar som aksjeselskap eig.
6. Kommune. Her skal førast eigedomar som høyrer til kommunar og fylkeskommunar, kommunale og fylkeskommunale skolar, pleieheimar o.l.
7. Bygdeallmenning. Her skal førast bygdeallmenningar og statsallmenningar som blir brukte som bygdeallmenningar.
8. Statsallmenning. Her skal førast alle statsallmenningar så nær som dei som blir brukte som bygdeallmenningar.
9. Opplysningsvesenets Fond og annan statseigedom. Her skal førast oppgåvepliktige prestegardar som Kyrkje- og undervisningsdepartementet forvaltar og dei av statens skogar som Opplysningsvesenets Fond eig. Som annan statseigedom skal rekna eige-domar som staten eller statsinstitusjonar eig og som ikkje rekna som allmenningar eller eigedomar under Opplysningsvesenets Fond. Eigedomar som staten har kjøpt etter konsesjonslova med tanke på rasjonalisering, og som ikkje er selde vidare pr. 1. juni 1989, skal førast her.

Post 002. For eigarar med skjøte skal ein gi opp det året oppgåvegivar(ane) fekk tinglyst skjøte på hovudbølet.

For dødsbu skal førast det året da den tidlegare skjøteinnehavaren døydde.

For eigedom som er kjøpt på tvangsausjon skal det året namsretten stadfesta auksjonsforretninga givast opp.

Post 003. Kryss for "ja" dersom minst 1 av oppgåvegivarane bur fast på bruket/eigedomen.

Post 004. Dersom slik eigedom er så stor at den fyller minstekrava for oppgåveplikt (jf. kap. 1.3., punktene 1 og 2), skal det kryssast av for "ja".

B. AREAL SOM OPPGÅVEGIVAR EIG

Ver merksam på at alle bortleigde areal skal rekna med, men ikkje slike som er bortfesta. Areal som er bortfesta for minst 20 år skal ikkje takast med av eigar. Desse areala skal givast opp på skjemaet til den som festar (bygslar) areala. Eig oppgåvegivar del i fellesbeiteareal (som ikkje er sameige), skal denne delen takast med i arealfordelinga.

Dersom ein ikkje har sikre arealoppgåver, skal arealtala givast opp etter beste skjønn.

Vassareal skal ikke takast med.

Post 006-008. Jordbruksareal omfattar fulldyrka jord og overflatedyrka jord som er i drift, eller som utan nybrottsliknande arbeid kan takast i bruk igjen som jordbruksareal. Natureng som blir hausta ved slått eller kulturbete, blir også rekna som jordbruksareal. Det same gjeld beitemark som er gjødsla, sjølv om den ikkje er fullstendig rydda ("gjødsla beite"). (Sjå elles rettleiinga post 141-142). Bruket sin del av eventuelle jordbruksareal som er felles, men som ikkje er sameige, skal førast her. Plen er jordbruksareal. Prydhage og anna hageareal som kan dyrkast, skal rekna som jordbruksareal. Hustomter, tunareal, prydhus mv. som ikkje kan dyrkast, skal førast i post 012.

Post 008. Areal som er teke ut av produksjon på ubestemt tid skal førast her. Areal som ligg brakk for inntil 1 år skal ikkje givast opp her. Slike areal skal givast opp i post 137.

Eige jordbruksareal i drift med tillegg av eventuelt leigd jordbruksareal i drift, skal spesifiserast nærmare i avsnitt F.

Post 009-010. Som produktivt skogareal skal rekna skogsmark som i gjennomsnitt for ein normal omløpsperiode kan produsere minst $0,1 \text{ m}^3$ trevirke pr. dekar og år ($H_{40} > 5$), når det er tilvaks med eit treslag som passar for veksetilhøva på staden.

Ver merksam på at det er marka si produksjonsevne som skal leggjast til grunn, utan omsyn til noverande produksjon og sjansane til å ta ut virke i dag. Om marka mellombels er utan trevegetasjon eller at vegetasjonen er så gammal at produksjonsevna ikke blir utnytta, spelar inga rolle for vurderinga. Skogreisingsmark som på teljingstidspunktet er tilplanta eller tilsådd, skal rekna som produktiv skog. Det same gjeld myrareal som er grøfta, eventuelt gjødsla, med tanke på skogproduksjon, og som ein reknar med kan produsere minst $0,1 \text{ m}^3$ trevirke pr. dekar og år. Som produktivt skogareal reknar ein også hagemarksareal som vesentleg blir brukt til skogproduksjon. Like eins tidlegare innmark- og beiteareal som anten er tilplanta eller attgrodd, når ein må vente at denne vegetasjonen skal danne grunnlag for framtidig skogproduksjon.

Grensa for produktiv skog ligg i forskjellig høgd over havet i ulike landsdelar. Generelt kan ein seie at denne grensa, målt i høgd over havet, er bestemt av følgjande forhold:

Breddegraden - grensa for produktiv skog blir lågare mot nord.

Avstanden frå havet - grensa for produktiv skog stig med aukande avstand frå kysten.

Topografien - i jamnt stigande terrenget går grensa for produktiv skog relativt høgt, medan ein enkelt topp kan vere snau sjølv om toppen ikke ligg særlig høgt.

Lokalklima, som t.d. kan vere lite gunstig pga. hellingsretning, kaldluft frå brear, menneskelege inngrep e.l.

Areal tilvakse med skog som har ein produksjonsevne mindre enn $0,1 \text{ m}^3$ pr. dekar og år, og som ein antar ligg over grensa for produktiv skog, skal førast i post 013.

Skogareal der minst halvdelen av kubikkmassen er bartre, skal rekna som barskog. Er over halvdelen av kubikkmassen lauvtre, skal arealet rekna som lauvskog. Foryngingsflater skal rekna som barskog eller lauvskog etter det treslag ein reknar med vil bli viktigast i framtida.

Post 011. Her skal ein føre myr som ikke er jordbruksareal eller produktivt skogareal.

Post 012. Med anna mark under grensa for produktiv skog, meiner ein alt areal som ligg under grensa for produktiv skog og som ikke er jord-

bruksareal, produktiv skog eller myr.

Hustomter, tunareal, hageareal mv. som ikke kan dyrkast skal førast her.

Anna areal som skal førast her kan t.d. vere tidlegare jordbruksareal som er ute av drift, og som ikke lenger fyller krava til jordbruksareal, areal som er avskoga med tanke på nydyrkning, bekkeskråningar e.l. inntil jordbruksareal, ikke kultivert skogreisingsmark, bart fjell, ur og elles fastmarksareal med så litra produksjonsevne at det ikke kan nyttast til oppdyrkning eller skogreising.

Vidare skal areal til fast anlagte vegar, kraftgater, opplagsplassar for stein, opne grøfter og kanalar, masseuttak for grus mv. takast med. Areal som blir nytta til fast anlagde campingplassar og areal for utleiehytter skal også takast med her.

Post 013. Her skal ein føre areal tilvakse med skog som ligg høgare enn grensa for produktiv skog men under skoggrensa. Med slikt areal meiner ein trebevokste område tilvakse med skog der tilveksten er mindre enn $0,1 \text{ m}^3$ pr. dekar og år. Tre må vekse så tett at dei får karakter av skog. Det skal vere minst 6 tre pr. dekar som er eller kan bli minst 5 meter høge.

Post 014. Vassareal skal ikke vere med, men elles alt areal over grensa for produktiv skog som ikke er teke med i post 006 eller 013.

C. EKTESKAPELEG STATUS, OPPGÅVEEININGA SOM LEVE- VEG, SYSSELSETJING PÅ OPPGÅVEEININGA, ARBEID OG INNTEKT UTANOM OPPGÅVEEININGA OG FAGUTDAN- NING

Upersonlege oppgåvegivarar skal berre svare på spørsmåla om talet på personar som arbeidde på oppgåveeininga. Personlege oppgåvegivarar skal svare på heile avsnitt C. For bruk/eigedomar med 2 oppgåvegivarar (ektepar/sambuarar) gjeld spørsmåla begge oppgåvegivarane.

Post 016. Oppgåvegivar skal krysse av for ekteskapeleg status på teljingsdatoen. Dersom oppgåvegivar har vore gift tidlegare (og er separert, skild eller enkje/enkjemann), men er sambuar på teljingsdatoen, skal det kryssast av for alternativ 2.

Post 017. Her skal det kryssast av for kor stor del av nettoinntekta til oppgåvegivar, inkludert eventuell ektemake/sambuar si inntekt, som er venta å kome frå oppgåveeininga i teljingsåret. For oppgåvegivarar som har teke over i teljingsåret, skal givast opp den del av nettoinntekta som oppgåvegivaren kunne vente ville ha kome frå oppgåveeininga i 1989 dersom han/ho/dei dreiv den heile dette året. For oppgåvegivarar som reknar med å overdra eigedom i teljingsåret, skal ein gi opp den del av nettoinntekta som oppgåvegivaren kunne vente ville ha kome frå oppgåveeininga i 1989 dersom han/ho/dei dreiv den heile dette året.

Dei som ikkje ventar overskott (0 eller underskott) på oppgåveeininga samla, skal krysse av for alternativ 1.

Som inntekt frå oppgåveeininga skal også reknast inntekt frå grunneigarbetinga fiske (også grunneigarbetinga fiske etter laks og sjøaure innanfor grunnlinja på eigen eigedom), frå jakt på eigen eigedom, frå hytter og hyttetomter, frå campingplassar mv. Forpaktingsavgift og andre leigeinntekter ved bortleige av jord og/eller bygningar skal også reknast med som inntekter frå oppgåveeininga. Kår, pensjon og yttingar frå folketrygda er inntekt utanom oppgåveeininga.

Ver merksam på at barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt når ein svarer på desse spørsmåla.

Post 018–043. Her skal ein føre opp talet på personar som har arbeidd på oppgåveeininga dei siste 12 månadene fordelt på dei ulike gruppene etter arbeidsinnsats. For andre enn oppgåvegivar(ane) skal ein berre føre opp dei personane som har arbeidd minst 100 timer. Med arbeid på oppgåveeininga meiner ein også arbeid utført i hagebruk og/eller pelsdyrhald. Det er berre talet på sysselsatte i primærproduksjonen som skal førast opp. Husarbeid, ommorsorgsarbeid, stell av hage mv. skal ikkje takast med.

Upersonlege oppgåvegivarar skal gi opp talet på personar sysselsatt på oppgåveeininga berre under "anna arbeidskraft", post 036–043.

Levert byttearbeit skal reknast som arbeid på eiga oppgåveeining. Motteke byttearbeit skal ikkje givast opp.

Dei som ikkje har rekeskap/notat som viser timeverka fullt ut, skal gi oppgåve etter skjønn. Eit årsverk svarer til 1750 timer (37 1/2 timars veke) og 100 timer svarer til ca. 13 arbeidsdagar 7 1/2 time.

Leigar bruket traktor e.l. med førar, skal føraren reknast med. Gardsstyrar, forvaltar o.l. skal ein ta med under "anna arbeidskraft". Arbeid utført av landbruksvikar, avløysar e.l. skal vere med. Alt skogssarbete inkl. det som er utført av entreprenør skal vere med. Arbeid utført av handverkarar som snikkar, elektrikar, rørleggjar mv. skal ikkje takast med.

Post 044–051. Oppgåvegivarar som arbeider (også medeigarar) i firma organiserte som aksjeselskap, partslag eller annan selskapsform med avgrensa ansvar skal reknast som tilsette.

Ein skal reknast som selvstendig dersom ein driv verksemد for eiga rekning eller saman med andre med uavgrensa ansvar (t.d. i ansvarleg selskap).

Arbeid i eige eller leigd jordbruk og skogbruk i annan kommune skal førast her.

Eit årsverk = 1750 timer (37 1/2 timars veke).

Post 052–058. Her skal det kryssast av for kva næring oppgåvegivar og eventuell ektemake/sambuar arbeider i utanom oppgåveeininga. Ver merksam på at det er næring og ikkje yrke det blir spurt etter. Er t.d. ein sjåfør tilsett i ei varehandelsverksemد for å levere firmaet sine varer til kundane, arbeider han/ho i varehandel og ikkje i transport. Derimot skal vedkomande grupperast under transport dersom han/ho til nemnde levering bruker eigen bil eller er tilsett i eit transportfirma. Snørydding for andre med eigne maskinar skal førast i post 056.

Ver merksam på at post 052 ikkje omfattar inntekter frå oppgåveeininga.

Post 059–062. Fagutdanning skal berre givast opp for personar som har kurs innanfor same fagområde (skoleslag) som har vart minst 5 månader. Praktiske lærlingeeksamen skal ikkje reknast med, sjølv om dei har vart så lenge. Derimot skal brevkolekurs som svarer til minst 5 månader fagskole reknast med.

"Anna fagleg utdanning" omfattar utdanning både på nivå med yrkesskole/vidaregåande skole, yrkesfagleg studieretning og høgare utdanning medrekna akademisk utdanning.

D. INVESTERINGAR (BRUTTO) I VÄNINGSHUS, DRIFTSBYGNINGAR, MASKINAR OG REISKAP. 1988

Beløpa skal rundast av til nærmaste heile tusen kroner.

Post 063-065. Med investering meiner ein varige påkostnader som blir aktiverte i status. Vedlikehald skal ikkje reknast med.

Verdien av eige arbeid skal ikkje vere med, heller ikkje verdien av virke frå eigen skog. Det skal ikkje gjerast frådrag på grunn av eventuelle tilskott som er gitt i samband med bygginga.

Post 063. Investeringar i kårhush tas med her.

Post 065. Her skal førast investeringar til byggjing av utleiehytter, kioskar og andre anlegg for turistformål på eigedomen.

Post 066-067. Skal givast opp utan meirverdiavgift og investeringsavgift. Berre maskinar og reiskap som medrekna investeringsavgift hadde ein innkjøpspris på kroner 10 000 eller meir skal reknast med (dvs. ein netto stykkpris utan investeringsavgift på meir enn kroner 9 090). Det skal ikkje gjerast frådrag for verdien av maskinar og reiskap som er bytte inn eller selde på anna vis.

Post 068. Her skal førast inntekter ved sal av maskinar og reiskap og verdien av maskinar og reiskap som er bytte inn.

E. TREKKRAFT OG MASKINAR

Maskinar som ikkje vil bli brukte meir, skal ikkje takast med. Derimot skal ein gi opp maskinar som ikkje er i bruk til vanleg, men som står i reserve og blir nyttar når det er nødvendig.

Er det mange eigalarar (t.d. maskinlag) og det er ein av desse som tek vare på maskinane og har tilsynet med dei, skal maskinane førast på hans/hennar skjema. Maskinar som er leigde bort, skal

givast opp av den som leiger maskinane, ikkje av eigaren.

Post 069-070. Her skal førast talet på 2-hjulstraktorar og talet på 4-hjulstraktorar som oppgåvegivaren disponerer. Transportar skal førast i post 070. Transportar er lågbygda, 4-hjulsdriven traktor som er spesialbygd for bratt lende.

Post 071-110. Det skal fyllast ut ei linje for kvar 4-hjulstraktor som oppgåvegivar disponerer alleine eller saman med andre. Traktoren sin motorstyrke kan frå leverandøren vere gitt opp i hk DIN, hk SAE eller kW. I skjemaet skal motorstyrken givast opp i hk DIN. Dersom motorstyrken er gitt i hk SAE, skal den reknast om til hk DIN ved å multiplisere talet på gitte hk med 0,9. Dersom motorstyrken er gitt opp i kW, skal den reknast om til hk DIN ved å multiplisere talet på kW med 1,35. Rund av til heile hk.

Med lukka førarhytte meiner ein også førarhytte utan bakvegg. Med open verneramme meiner ein førarvern utan bakvegg, sideveggar og dører. Traktor som blei levert med førarvern, men som i hovudsak blir brukt med førarvernet avmontert, skal reknast som traktor utan førarvern.

Post 113-115. Gjeld rammestyrte skogstraktorar for transport av virke fram til velteplass eller leveringsstad. Post 113 gjeld maskinar som blir nyttar til lunning ved sleping av heile stammar. Slike maskinar er vanlegvis utstyrt med vinsj, eller med kran og klembanke. Post 114-115 gjeld lastberande maskinar som er utstyrt med gripeklo. Desse maskinane har utstyr for å samle og lesse opp, transportere og lesse av kappa tømmer.

Post 118. Omfattar kraner for på- og avleassing av tømmer. Krana er montert på traktoren eller på tilhengaren til traktoren.

F. JORDBRUKSAREAL I DRIFT OG BRUKEN AV DET PR. 1. JUNI 1989

Ver merksam på at eventuell leigd jord og bruket sin del av eventuelle felles jordbruksareal (fellesbeite mv. som er fulldyrka eller overflate-dyrka) og som ligg i kommunen, skal vere med i arealfordelinga. Seterløkker som blir hausta,

skal takast med. Areala av desse skal først under dei kulturane dei blir nytta til.

Dersom arealet i nokon av postane i avsnitt F er mindre enn 0,1 dekar, skal ikkje dette givast opp under vedkomande post. Slike "småareal" skal først samla i post 135.

Post 119. Grønsakareal hausta maskinelt for konserves som t.d. erter, skal takast med. Det same gjeld dyrking av kålrot og nepe til mat.

Post 120. Som veksthus reknar ein rom kor ein kan gå inn utan å fjerne glas/plastdekket. Rom med lågare takhøgde reknast som vekstbenkar og skal ikkje takast med.

Veksthus som er i brukbar stand skal vere med, jamvel om det for tida er ute av drift.

Veksthus som berre blir brukt til planteskoledrift skal ikkje vere med her, men takast med under post 135.

Post 122. Alle solbærbuskar som er planta der dei skal bli ståande skal reknast med.

Post 124-125. Alle tre som er planta der dei skal bli stående skal takast med, utan omsyn til om dei er i beredyktig alder eller ikkje.

Dersom det i frukthagen er brukt mellomkulturar, må arealet delast slik at ikkje noko areal blir ført dobbelt. Dersom det t.d. mellom fruktrea er grasdekke som blir hausta ved slått, skal arealet delast etter skjønn mellom frukthage og eng til silo/høy.

Post 126-129. Kveite og rug gjeld både vår- og haustsæd som skal haustast i 1989. Areal som det skal såast haustsæd på i 1989, skal givast opp under brakk (post 137) dersom arealet ikkje gir avling i 1989.

Areal av blandkorn skal først under det kornslaget som utgjer det meste av blandinga.

Post 130. Oljevekstar omfattar vesentleg raps og rybs sådd med tanke på at ein skal hauste moge frø.

Post 133. Ver merksam på at siloslått på vanleg eng ikkje skal takast med her, men først under post 139-140. Raigras skal først som eittårig, jamvel om det blir hausta i 2 år. Attlegg med grønfør eller silovekstar som dekkvekst skal først her.

Post 135. Her skal takast med areal til nyttevekstar på åpen åker og i hage, og som ikkje er teke med ovanfor. Dette gjeld areal med erter til mogning, planteskole, ripsbuskar mv.

Post 136. Her skal takast med alt areal av plen, og prydhage som kan dyrkast.

Post 137. Som brakk skal reknast alt areal av open åker der det ikkje blir teke avling i teljingsåret, men som er tenkt hausta neste år.

"Brakk" kan omfatte areal som er tenkt tilslådd med haustkorn i teljingsåret. Posten skal omfatte areal som blir brakka med tanke på å tyne ugras. Attlegg utan dekkvekst, som er tilslådd så seint at det ikkje blir nemnande avling i 1989, skal reknast som brakk. Også nydryka areal som enno ikkje er tilslådd, åkerareal som nyleg har vore flaumskada osv., skal reknast som brakk. Areal som er teke ut av produksjon på uviss tid, skal ikkje først her, men skal takast med under post 008.

Areal som ligg brakk på teljingstidspunktet, men som ein har teke avling på i teljingsåret (tidlegpotet o.l.), skal først på vedkomande vekst. Areal som enno ikkje er tilslådd på grunn av sein vår o.l., men som ein reknar med vil gi avling i teljingsåret, skal først under denne veksten og ikkje som brakk.

Post 139-141. Fulldyrka jord er definert som jord i hevd som er pløgd eller oppbroten til vanleg plogdjupn, og som framleis kan pløgjast.

Post 139-140. Eng til silo/høy er eng som blir hausta til høy og silofør i teljingsåret. Gras brukt til grasmjøl og til oppføring som ferskt gras, skal også reknast med.

Engareal som blir beita og kor slåtten avgrensar seg til oppussing etter beitinga, skal reknast som

kulturbeite. Areal som blir slått regulært ein gong, men elles nytta til vår og/eller haustbeite, skal førast som eng til silo/høy eller som kulturbeite etter kva som er det viktigaste. Areal tilsådd med engfrø utan dekkvekst våren 1989 skal førast som eng dersom dei vil gi nemnande avling i 1989. Elles skal slike areal førast som brakk.

Post 141-142. Omfattar alt jordbruksareal som blir brukt til beite og som ikkje skal førast under eng til silo/høy (sjå post 139-140). Beiteareal som er gjødsla skal reknast som kulturbeite, jamvel om det ikkje er fullstendig rydda. Har bruket del i felles kulturbeite tek ein med så stort areal som svarer til bruket sin del av fellesbeitet, dersom fellesbeitet ikkje er sameige som det blir gitt eiga oppgåve for.

G. FORPAKTING OG LEIGE AV JORDBRUKSAREAL SOM ER I DRIFT

Her skal givast nærmare spesifikasjonar for leige av jordbruksareal innan kommunen.

Post 144-149. Som kontraktbunden leige skal reknast forpaktningar og andre leigeforhold der skriftleg kontrakt er oppretta. Som tilfeldig leige skal reknast leige av Jord der ingen skriftleg kontrakt er sett opp. All tilfeldig leige skal vere med, utan omsyn til om det blir ytt betaling for den eller ikkje. Festa (bygsla) areal som er ført i post 006, skal ikkje givast opp her.

Post 151. Her skal ein berre gi opp areal som det blir betalt forpaktings- eller leigeavgift for.

Post 152. Det er samla beløp som skal givast opp her, ikkje beløp pr. dekar. Den delen av forpaktings-/leigeavgifta som gjeld driftsbygningars, maskinar mv. skal ikkje vere med i det beløpet som blir gitt opp.

H. TALET PÅ HUSDYR PR. 1. JUNI 1989

Oppgåvene skal gjelde pr. 1. juni 1989 jamvel om teljinga går føre seg på ein annan dato. Ein skal ta med dyr som familiemedlemmer og andre

som er knytta til bruket eig, dersom dyra blir føra saman med dei andre dyra på garden. Ein må hugse å ta med dyr som er på beite teljingsdagen.

Dyr som er oppstalla hos andre (utan å vere bortleidde) skal teljast hos eigaren, ikkje der dei er oppstalla.

Post 153. Ta også med hestar av ponnirase. Som ponniar reknar ein islandshest og hest av rasane New Forest, Welsh, Shetlandsponni mv.

Post 154. Ta også med ammekyr for spesialisert kjøttproduksjon.

Post 159. Omfattar både purker og rånar.

Post 160. Her skal førast alle levande svin på teljingsdatoen som ikkje er ført i post 159.

Post 161. Her skal førast kyllingar av kjøtt-rasar og utsorterte kyllingar av verperasar som skal førast fram til slakt.

Post 162. Omfattar alle kyllingar påsett til høner, utan omsyn til rase.

Post 163. Omfattar alle dyr både av verperasar og kjøttrasar etter at dei har lagt sitt første egg.

I. DRIFTSBYGNINGAR

Alle bygningars som er i bruk som driftsbygningars, eller er i slik stand at dei kan takast i bruk att som driftsbygning, utanom bygningars for pels-dyr og veksthus (drivhus) skal takast med. Våningshus er ikkje driftsbygning. Kårhus, bu-stader for tilsette, skogshusvære, husvære for seterdrift, sjøbuer, utleigehytter, sagbruk o.l. skal heller ikkje vere med. Stabbur skal reknast som driftsbygning dersom det hovudsakleg blir nytta til lager i samband med gardsdrifta. Reiskapshus og garasjar for maskinar og bilar skal vere med.

Både driftsbygningars på tunet og driftsbygningars plasserte utanom tunet (utløer, driftsbygning på setra mv.) skal vere med.

Driftsbygningars skal givast opp av den som i

hovudsak disponerer bygningane. Bygningar som ikkje er i bruk og bygningar som ikkje blir brukte til landbruksformål, skal alltid givast opp av eigaren. Driftsbygningar som er ått av 2 eller fleire oppgåvegivarar som kvar for seg er oppgåvepliktige, skal fordelast høveleg på ein slik måte at ingen opplysningar blir gitt opp dobbelt.

Post 166-171. Her skal givast opp tal og samla bebygd grunnflate for alle driftsbygningane fordelt etter kategori. Ver merksam på at berre grunnflata skal givast opp jamvel om driftsbygningen har fleire etasjar. Gjødsellager bygd inntil driftsbygning skal takast med saman med vedkomande driftsbygning. Andre gjødsellagre skal givast opp under "Andre driftsbygningar" (post 170-171).

Post 166-167. Her skal førast driftsbygningar som har husdyrrrom og lagerrom for stråfør (høy, silo) i same bygning eller som er bygde inntil kvarandre. Grunnflata til ein silo bygd inntil ein driftsbygning skal reknast med i grunnflata til bygningen.

Post 170-171. Her skal førast bygning for tørking og lagring av korn, annan lagerbygning, reiskapshus, garasje, verkstad, utløe mv.

Post 172-183. For bygningar med husdyrrrom (jf. post 166-169) skal ein gi opp byggjeår, grunnflate og årstal for siste ombygging/utviding av bygningen. Som ombygging/utviding skal reknast varige påkostnader som blir aktiverte i status.

Byggjeår gjeld byggjeår for eldste del av driftsbygningen. Under samla grunnflate i post 173, 176, 179 og 182 skal ein gi opp samla grunnflate for vedkomande driftsbygning på teljingsdatoen.

Leggjing av nytt tak eller nye golv og anna vedlikehaldsarbeid skal ikkje reknast som ombygging. Byggjing av silo inne i bygningen eller i direkte kontakt med denne, skal reknast som ombygging/utviding.

Er det meir enn 2 bygningar av same type, skal dei 2 som har størst grunnflate spesifiserast.

Post 184. Tørkeanlegg for høy er overbygde anlegg der vanleg friskluft eller oppvarma luft blir blåse gjennom høyet.

Tørkeanlegg som kan bli brukt til tørking av både høy og korn (kombinerte tørker), skal førast som 2 enkeltanlegg.

Post 185. Tørkeanlegg for korn er kaldluftstørke, eventuelt med tilsatsvarme, og varmluftstørke. Anlegg som har både kaldluftstørke og varmluftstørke skal førast som 2 enkeltanlegg.

Runde tørke- og luftesiloar som har sentralrør der det blir blåse inn eller soge ut kaldluft, skal førast som kaldluftstørke dersom siloen sin diameter er under 2,5 m med 0,6 m sentralrør eller under 3,0 m med 1,0 m sentralrør, når føresetnaden er at det blir brukt tilstrekkeleg viftekapasitet. Større siloar skal berre førast som lager (post 188).

Post 186. For plantørker skal kapasiteten i effektiv tørkeflate givast opp. Det areal som hovudkanalen dekkjer skal ikkje takast med. For runde tørkesiloar reknar ein tørkeflate lik siloen si grunnflate (minus areal av sentralrør) multiplisert med høgda den kan fyllast med korn.

Tørkeflater i m^2 for runde siloar av ymse dimensjonar (arealet av sentralrøret er trekt ifrå):

| Høgd i m | Diameter silo/sentralrør i m | | | | |
|----------|------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | 2,0/ 0,77 | 2,5/ 0,70 | 2,5/ 1,00 | 2,7/ 0,77 | 3,0/ 1,00 |
| 1..... | 3 | 5 | 4 | 5 | 6 |
| 2..... | 5 | 9 | 8 | 11 | 13 |
| 3..... | 8 | 14 | 12 | 16 | 19 |
| 4..... | 11 | 18 | 16 | 21 | 25 |
| 5..... | 13 | 23 | 21 | 27 | 31 |

Post 187. For varmluftstørker skal ein gi opp kapasiteten som ytinga til varmeaggregatet i kW. Dersom slike opplysningar manglar, kan ytinga reknast ut på grunnlag av oljeforbruket til aggregatet i liter pr. time (gjeld lette fyringsoljer).

| Liter/ time | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 | 12 | 14 | 16 | 18 | 20 |
|----------------|----|----|----|----|----|----|-----|-----|-----|-----|
| kW.... | 15 | 30 | 45 | 60 | 75 | 90 | 105 | 120 | 135 | 150 |

For varmluftstørker som har ytinga til varmeaggregatet gitt opp i kcal. pr. time, skal kapasiteten rekna slik:

| | | | | |
|-----------|-------|--------|--------|--------|
| Kcal/time | 17000 | 34000 | 52000 | 69000 |
| kW..... | 20 | 40 | 60 | 80 |
| <hr/> | | | | |
| Kcal/time | 86000 | 103000 | 120000 | 138000 |
| kW | 100 | 120 | 140 | 160 |

Post 188. Ta berre med lagerplass som er innretta for lagring av korn.

Post 189. Gjeld silofør av gras, hå, grønfør mv. Ta også med silofør lagt ned i provisoriske siloanlegg. Silofør lagt i rundballar skal førast i post 190.

Volum av firkantsiloar (kvadratiske) og runde høgsiloar av ulike dimensjonar:

| Volum i m³ pr. 1 meter høgd | Tverrmål (innv.) i m | | | | | |
|--------------------------------|----------------------|-----|-----|-----|-----|-----|
| | 2,0 | 2,5 | 3,0 | 3,5 | 4,0 | 4,5 |
| | 5,0 | 6,0 | | | | |
| Firkantsilo... | 4 | 6 | 9 | 12 | 16 | 20 |
| Rund silo..... | 3 | 5 | 7 | 10 | 13 | 16 |
| | | | | | 20 | 28 |

Volum av horisontalsiloar får ein ved å multiplisere gjennomsnittet av grunnflata og toppflata med høgda.

Post 190. Volum pr. rundballe med bredde 1,2 m og ulike diametrar:

| Diameter i m.. | 1,0 | 1,2 | 1,4 | 1,6 | 1,8 |
|----------------|------|------|------|------|------|
| Volum i m³ ... | 0,94 | 1,36 | 1,85 | 2,41 | 3,05 |

Post 191-194. Dersom oppgåveeininger har fleire oppsamlingsmåtar/bortføringsmåtar for pressafta, skal det kryssast av for kvar enkelt.

Post 192. Omfattar også pressaft som blir ført til gjødselkjellar.

Post 195. Her skal det kryssast av for "ja" dersom oppgåveeininger har minst ein av dei 3 oppbevaringsmåtane for husdyrgjødsel. Dersom oppgåve girar ikkje har husdyr, skal det likevel setjast kryss.

Post 196. Dei som ikkje har husdyr skal ikkje gi opp talet på månader som det er plass for lagring av husdyrgjødsel. Dersom det er fleire gjødsellager på oppgåveeininger, skal oppgåve givast for det gjødsellageret som må tømmast oftast.

J. NYDVRKING, VATNING OG GJØDSLING

Oppgåvene under post 197-199 skal givast av brukaren eller eigaren alt etter kven som har kosta på dei investeringane ein spør om. Landbrukskontoret må sjå til at slike oppgåver blir fullstendige og at dei ikkje blir gitt dobbelt. Oppgåvene under post 200-211 skal givast av den som brukte jorda.

Post 197. Med jord som er nydryka (fulldryka) meiner ein jord som er oppbroten eller pløgd til vanleg plogdjup og rydda med tanke på vanleg jordbruks- eller hagebruksproduksjon.

Alt areal som er nydryka (fulldryka) i denne perioden skal takast med, både det som ligg lågare enn grensa for produktiv skog og det som ligg over denne grensa. Dersom det ved bakkeplanering er vunne inn nytt areal, skal dette vere med.

Ver merksam på at oppgåva skal omfatte ein 10-årsperiode. Dette gjeld jamvel om det har vore eigarskifte i perioden.

Post 200-203. Her skal ein gi opp forbruket av reint nitrogen (kvæve, N) og reint fosfor (P) pr. dekar som gjennomsnitt for dei fulldryka engareaala (fulldryka eng til silo/høy og fulldryka kulturnebete), og i gjennomsnitt for areaala av korn og oljevekstar til mogning. Antall kg pr. dekar skal givast opp utan desimal.

Følgjande oppstillingar syner nitrogen- og fosforinnhold i kg pr. dekar for dei mest brukte gjødselslag og -mengder:

Nitrogeninnhold, kg pr. dekar

| Gjødselslag | Kg gjødsel pr. dekar | | | | | | | | | | |
|----------------------------|----------------------|----|----|----|----|----|----|----|-----|-----|-----|
| | 20 | 30 | 40 | 50 | 60 | 70 | 80 | 90 | 100 | 110 | 120 |
| Fullgjødsel A 14-6-16..... | 3 | 4 | 5 | 7 | 8 | 10 | 11 | 12 | 14 | 15 | 16 |
| " B 13-6-16..... | 3 | 4 | 5 | 6 | 8 | 9 | 10 | 11 | 13 | 14 | 15 |
| " C 16-7-12..... | 3 | 5 | 6 | 8 | 10 | 11 | 13 | 14 | 16 | 18 | 19 |
| " 18-3-15..... | 4 | 5 | 7 | 9 | 11 | 13 | 14 | 16 | 18 | 20 | 22 |
| " 21-4-10..... | 4 | 6 | 8 | 11 | 13 | 15 | 17 | 19 | 21 | 23 | 25 |
| " 25-3-6..... | 5 | 7 | 10 | 12 | 15 | 17 | 20 | 22 | 25 | 27 | 30 |
| " 15-4-12..... | 3 | 4 | 6 | 7 | 9 | 10 | 12 | 13 | 15 | 16 | 18 |
| " 22-2-12..... | 4 | 6 | 9 | 11 | 13 | 15 | 17 | 19 | 22 | 24 | 26 |
| " 11-5-17..... | 2 | 3 | 4 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 |
| NK 22-11..... | 4 | 7 | 9 | 11 | 13 | 15 | 18 | 20 | 22 | 24 | 26 |
| Kalksalpeter..... | 3 | 5 | 6 | 8 | 9 | 11 | 12 | 14 | 16 | 17 | 19 |
| Kalkammonsalpeter..... | 6 | 8 | 11 | 14 | 17 | 19 | 22 | 25 | 28 | 30 | 33 |
| Urea..... | 9 | 14 | 18 | 23 | 28 | 32 | 37 | 41 | 46 | 51 | 55 |
| Skogan..... | 7 | 10 | 14 | 17 | 21 | 24 | 28 | 31 | 35 | 38 | 41 |

Fosforinnhold, kg pr. dekar

| Gjødselslag | Kg gjødsel pr. dekar | | | | | | | | | | |
|----------------------------|----------------------|----|----|----|----|----|----|----|-----|-----|-----|
| | 20 | 30 | 40 | 50 | 60 | 70 | 80 | 90 | 100 | 110 | 120 |
| Fullgjødsel A 14-6-16..... | 1 | 2 | 2 | 3 | 4 | 4 | 5 | 5 | 6 | 7 | 7 |
| " B 13-6-16..... | 1 | 2 | 2 | 3 | 3 | 4 | 4 | 5 | 6 | 6 | 7 |
| " C 16-7-12..... | 1 | 2 | 3 | 3 | 4 | 5 | 5 | 6 | 7 | 7 | 8 |
| " 18-3-15..... | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 | 2 | 3 | 3 | 3 |
| " 21-4-10..... | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 3 | 3 | 3 | 4 | 4 | 4 |
| " 25-3-6..... | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| " 15-4-12..... | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 3 | 3 | 3 | 4 | 4 | 4 |
| " 22-2-12..... | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 3 |
| " 11-5-17..... | 1 | 1 | 2 | 2 | 3 | 3 | 4 | 4 | 5 | 5 | 6 |
| PK 7-13..... | 1 | 2 | 3 | 3 | 4 | 5 | 5 | 6 | 7 | 7 | 8 |
| PK 5-16..... | 1 | 2 | 2 | 3 | 3 | 4 | 4 | 5 | 5 | 6 | 6 |
| Superfosfat P9..... | 2 | 3 | 4 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 |

Post 205-208. Jamvel om det er spreidd husdyrgjødsel på same arealet meir enn ein gong i 1988, skal arealet reknast med berre ein gong. Har bruken av arealet endra seg frå ei spreiling til den neste, skal arealet førast under den bruken

som har fått den største gjødselmengda.

Post 205. Åpen åker omfattar vekstar under post 119-137 i avsnitt F.

Post 209. Her skal takast med all spreiing på areal som blei hausta minst ein gong i 1988, etter at husdyrgjødsla blei spreidd.

Post 210. Her skal takast med areal som det blei spreidd husdyrgjødsel på etter avslutta vekstsesong (haustspreiing). Omfattar også spreiing på brakka areal.

Post 211. Omfattar gjødsel spreidd på jordbruksareal brukta av andre enn oppgåvegivar og deponeering på annan måte.

K. HYTTER, JAKT, FANGST OG FISKE

Post 213. Seterbuer, koier o.l. skal takast med dersom dei hovudsakleg blir brukte til utleige. Dersom det er meir enn ei leilegheit i kvar hytte, skal kvar leilegheit reknast som ei utleigeeining.

Post 214. Her skal takast med alle hyttetomter som oppgåvegivar tek imot festeavgift for.

Post 215. Her skal givast opp kor mange hyttetomter som er skilde ut og selde i siste 10-årsperiode. Oppgåvene gjeld for 10 år jamvel om det har vore eigarskifte i perioden.

Post 216-219. Det skal kryssast av for "ja" jamvel om utøvinga var tilfeldig og uviktig. Dersom jakt og/eller fiske blei utøvd både "av eigar og familie" og "av andre", skal det kryssast av begge stader. Dersom det ikkje er jakta eller fiska på eigedomen, skal det kryssast av for alternativ 3 ("ikkje drive").

Post 220-221. Med grunneigarlag meiner ein her lag som er danna av fleire grunneigarar som har overført jaktrettane sine til laget. Laget skal ha eit valt styre (eller tillitsmann/-kvinne), og skriftlege vedtekter skal liggje føre. Laget sitt formål er kulturtiltak, ordning og nytting av desse ressursane på areala til medlemmene.

Post 222. Her meiner ein tilsvarande tiltak for ferskvassfiske som er nemnt for jakt under post 220-221.

Post 223. Her meiner ein grunneigarlag som er skipa med tanke på å leggje ut hytteområde med areal frå fleire eigedomar.

L. TEIGBLANDING, DRIFTSPLAN, FORSLAG TIL ÅRLEG AVVERKINGSKVANTUM

Post 224-225. Ver merksam på at det er teigblanding med andre eigedomar det er snakk om. For at det skal vere ein særskild teig, må teigen vere heilt omringa av andre sin eigedom.

Det blir sett på som teigblanding dersom det oppgåvepliktige arealet består av fleire skilde eigedomar.

Dersom offentleg veg eller jernbane deler ein eigedom i fleire delar, skal det ikkje reknast som teigblanding i denne samanhengen.

Post 226. Dersom driftsplanen/skogbruksplanen er eldre enn 15 år og planen ikkje er revidert sidan, skal det kryssast av for "nei". Ein driftsplan/skogbruksplan skal gi opplysningar om m.a. arealstorleiken, aldersfordelinga, treslagsfordelinga, årleg tilvekst og samla kubikkmasse. I driftsplanen/skogbruksplanen vil det normalt også vere eit forslag til årleg avverkingeskvantum.

Post 227. Det skal givast opp kor stor del av skogarealet som driftsplanen/skogbruksplanen omfattar. Oppgåvene skal givast i dekar.

Post 228. I driftsplanar/skogbruksplanar er årleg tilvekst som regel gitt opp i kubikkmeter utan bark, men inklusiv topp og avfall. Det er desse tala som skal førast under denne posten. Dersom tilveksten er gitt opp som nyttbar tilvekst utan bark, legg ein til 5 prosent.

Post 229. I dei fleste driftsplanane/skogbruksplanane er det utarbeidd eit forslag til årleg avverkingeskvantum gitt opp i nyttbar kubikkmasse, dvs. at det er gjort frådrag for bark, topp og avfall. Det er dette talet som skal givast opp under denne posten. Dersom det i driftsplanen/skogbruksplanen berre er gitt opp balansekvantum, skal ein trekkje frå 5 prosent.

Post 230. Med riktig årleg avverkingeskvantum for heile skogarealet, meiner ein det avverkingeskvantumet som kan takast ut årleg for å oppnå maksimal virkesproduksjon på lang sikt. Også produksjonen på produktive skogareal som på grunn av vanskelege driftsforhold ikkje blir sett på som økonomisk drivverdige, skal takast med.

Ver merksam på at dei som har driftsplan for berre delar av skogarealet skal gi opp årleg avverkingskvantum for heile skogarealet.

M. AVVERKING

Gjeld kalenderår. For rotsal er det tidspunktet for underskrift av kontrakta som er leveringstidspunktet. Elles er det tidspunktet for måling (eigaroverføring) av virket som er leveringstidspunkt.

Post 232-237. Oppgåvene skal givast i heile kubikkmeter fast mål. Ved omrekning frå laust til fast mål nyttar ein følgjande omrekningstabell:

| | |
|--|---|
| 1 tørrtonn lauvved... | = 2,00 m ³ fast mål med bark |
| 1 m ³ 30 cm ved..... | = 0,55 " |
| 1 famn ved, 2x2x0,6 m | = 1,65 " |
| 1 storfamn barved, 2x2x3 m..... | = 6,50 " |
| 1 storfamn lauvved, 2x2x3 m..... | = 6,00 " |
| 1 meter reis av 3 m lange stokkar, midtdiameter 10 cm. | = 0,20 " |
| 1 standard vedsekk, 80 l..... | = 0,05 " |
| 1 standard småsekk, 40 l..... | = 0,025 " |
| 1 m ³ flis..... | = 0,40 m ³ fast mål |

Post 236. Med sjølvhogst av ved, meiner ein ved som blir hogd av andre enn eigaren eller den/dei som har bruksrett til skogen, etter tilvising av skogeigar.

Post 238-239. Det er summen gitt opp i post 237 som skal fordelast. Som sluttavverking skal rekna snauhogst og hogst der det blir sett att skjermstilling eller frøtre. Plukkhogst eller gjennomhogst i hogstmogen skog skal også rekna som sluttavverking.

N. ADMINISTRASJON OG UTFØRING AV AVVERKINGA I 1988

Post 240-255. Her fordeler ein avverkinga i 1988, (jf. post 237) etter kven som har administrert avverkinga, etter kven som har gjort hogstarbeidet og etter kva slag utstyr som er brukt i framdrifta.

Post 240-245. For at drifta skal rekna som

administrert av andre enn eigaren sjølv og/eller skogstyrar, må desse ha teke på seg heile arbeidet med drifta (hogst og framkjøring). Dei må ha ført tilsyn med arbeidet og eventuelt ha tilsett og lønna anna arbeidskraft. Virke selt på rot, men som skogeigar har teke på seg hogst og framdrift av, skal førast under post 240-241.

Hogstmaskin omfattar også maskin som berre kvistar og kappar.

Post 246-255. Som eigar og familie reknar ein i denne samanhengen også slektingar i rett opp- og nedstigande linje og sysken (jf. post 001).

Post 246-247. Gjeld hogst i eigen skog, og det er post 244 som skal fordelast. Hogd kvantum skal givast opp i m³ og skal fordelast etter om det er avverka av eigar/familiemedlemmer eller av anna arbeidskraft. Fordelinga skjer etter skjønn ut frå innsatsen.

Post 248-255. Gjeld framdrift i eigen skog, og det er avverkinga i post 244 som skal fordelast.

Framdrifta gjeld terrengetransport frå stubben og fram til bilveg eller annan leverings- eller omlastingsstad. Dersom det er nyttar berre ei type trekkraft til framdrifta, skjer fordelinga etter type arbeidskraft på same måte som for hogst. Er det nyttar fleire trekkrafttypar til same virkeskvantum, skal kubikkmassen førast etter det prinsippet som er vist i følgjande døme: Til framdrifta av eit tømmerparti er først nyttar taubane og eiga arbeidskraft og seinare traktor med ei blanding av eiga og leigd arbeidskraft. I dette tilfellet skal heile partiet førast i post 252, og same partiet skal fordelast etter skjønn på post 248 og 249. Tømmerkvantumet vil altså i dette tilfellet bli registrert 2 gonger.

Post 252-253. Her skal ein ta med alle former for taubane slik som slepebane, kabelkran, tyngde-kraftdrivne taubaner mv.

Post 254-255. Variotrack, Agria, minilunnar mv. skal takast med her.

O. SKOGKULTUR

Post 256. Her skal førast produktivt skogarealet som det er utført foryngingshogst på i 1988 (snauflater, frøtrestillinger og skjermstillingar), utan omsyn til om areala er tilplanta eller sådd

til i 1988 eller ikkje. Snauhogd areal som skal omdisponerast skal ikkje takast med.

Post 257-260. Som eigar og familie reknar ein i denne samanhengen også slektingar i rett opp- og nedstigande linje og sysken (jf. post 001).

Post 257-258. Ta berre med det arealet som er tilplanta første gong, og ikkje eventuell suppleringsplanting på tidlegare tilplanta areal.

Post 259-260. Gjenvekstpleie/ungskogpleie omfattar arbeid som blir gjort dei første åra etter at eit bestand er etablert og fram til tynning. Dvs. fram til det tidspunktet virket har salsverdi og kan bli nytta.

Under gjenvekstpleie/ungskogpleie inngår suppleringsplanting, rydding av ugras og lauv (både mekanisk og kjemisk) og avstandsregulering.

